

**KONTROLLUTVALET I
STORDAL KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 22. april 2010, kl. 10.00

Møtestad: Stordal Rådhus

Møtet vart leia av: Ingrid Løset

Elles til stades:

Rune Støversten og Reidun Thorpe Langhaug

= 3 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå Stordal kommune møtte rådmann Torbjørn Emblem.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

SAK 01/10

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 12. NOVEMBER 2009

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte i kontrollutvalet 12. november 2009 blir godkjent.

SAK 02/10

**OM POSTJOURNAL OG SIDER VED PRAKTISERING AV OFFENTLEGLOVA I
STORDAL KOMMUNE**

Saksdokument datert 14.04.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalsekretariatet tek eit utplukk av saker som er unnatekne offentleg innsyn og gjer ei nærare vurdering av kommunen si gradering i forhold til Offentleglova. I tillegg blir det gjort ei vurdering av om postjournalen er rettidig ajourført.
2. I tillegg blir det gjort ei vurdering av om svar på innkomne brev er i samsvar med tidsfristar i forvaltningslova.

SAK 03/10

KONTROLLRAPPORT 2009 VEDKOMANE SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN I STORDAL KOMMUNE

Saksutgreiing datert 14.04.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Stordal kommune datert 12.02.2010 frå Skatteetaten til orientering.

SAK 04/10

OM KRD SI ARBEIDGRUPPE FOR STYRKING AV EIGENKONTROLLEN I KOMMUNANE

Saksutgreiing datert 14.04.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 05/10

NESTE MØTE I KONTROLLUTVALET (saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Neste møte er planlagt 8. juni kl. 17.00.

Ingrid Løset
leiar
(sign.)

Rune Støversten
medlem
(sign.)

Reidun Thorpe Langhaug
medlem
(sign.)